

Samar

Samane er eit folk med eige språk og eigen kultur. Samisk kultur er til dømes musikk, forteljingar, skikkar, klede og andre ting som gjer at samar er samar.

Samane har ikkje eit eige land. Dei bur i eit område dei kallar Sápmi. Det ligg i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

I dag er det 80 000 samar i verda. Halvparten av alle samar bur i Noreg.



Siidasamfunnet

Fram til år 1500 fekk samane leve i fred i Sápmi. På den tida hadde samane sitt eige samfunnssystem. Alle budde i det som på samisk heiter ein siida. Ein siida var eit område som store slekter budde på. Dei flytta rundt inne på siidaen etter årstidene og kvar det var mest mat. Dei jakta saman for å skaffe mat. Det dei fekk tak i, delte alle samane i siidaen. Alle fekk noko, også dei som var for gamle og sjuke til å vere med på å jakte. I dag er det mange samar som synest det er synd at siidaen er borte.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5B side 113.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4a, 4b, 6, 7, 8 og 9.